



Examen facultatum



Examen facultatum legg vekt på nyare vitenskapsteoretiske drøftingar og den historiske samanhengen dei går inn i. I studiet vert det lagt vekt på at studentane reflekterer omkring vitenskaplege grunnlagsproblem, og tilhøvet mellom dei humanistiske faga og samfunnet.

Studieinnhald

Faginnhaldet er delt i 3 delar: 1) Humanistisk vitenskapshistorie Delemnet tek opp korleis ein kan forstå omgrepet vitenskap. Ein diskuterer tilhøvet mellom humaniora og naturvitenskap, historismen og den språklege vendinga i humaniora. 2) Tekst og tolking Delemnet tek opp hermeneutikkens historie. Ein diskuterer kva som ligg i omgrepet hermeneutisk metode, og fordjupar seg i den moderne debatten om hermeneutikk. Studenten vil også få ei kort innføring i moderne kulturforståing. 3) Kunst og samfunn Delemnet tek opp kunstomgrepet i eit historisk perspektiv med særskilt vekt på litteratur. Ein diskuterer synet på kunst i ulike periodar, og ser på tilhøvet mellom litteratur og røyndom. Viktige spørsmål er på kva måte kunst er knytt til historie, kultur og kjønn.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga vert gitt gjennom nettlesjonar. Studentane fylgjer opp gjennom oppgaveskriving og responsar på medstudentar sine oppgåvetekstar. I arbeidet med den skriftlege oppgåva får studentane rettleiing frå faglærar. Les om vurderingsordningar og eksamen i emneplanen for studiet.

Aktuelle yrke og vidare studium

Studiet er identisk med Ex. fac.-delen av det humanistiske innføringsstudiet HUM101, utan skrivekursdelen.

Studiepoeng / lengd: 10 / 1 semester

Opptakskrav: Generell studiekompetanse

Søknadsfrist: i

Lokalt opptak

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no